

Referat Kretsmøte 16. aug 2010-08-17

Tilstede:

Frå Krinsstyre:

Ragnar

Louise

Kjell

Hege

Frå kontoret:

Jens

Ikkje tilstede:

Dag Johann

Ulf

Styretur:

Det er 24 påmeldt til turen som går til Preikestolen i Rogaland. Reisa skjer med kystbussen som drar frå Bergen 13.00 og er tilbake 19.15 på Søndag. Det er leid buss frå Stavanger til Furuneset og for transport gjennom helga.

Jens skal sende ut siste info og rekning til deltakarane, sjekke med Vesterlen om nøklar og anna på hytta, purre på merker, og bestille mat til helga.

Jens sjekker med Brede om merkene til turen er ferdige.

Kretsleir:

Vi stiller med Gunnvor (Kolltveit BK), Bjørn Erik (1. Øvstun) og muligens Håkon (18. Bergen) til å sitte i komiteen. Ryvarden har fortsatt ingen på bordet og skal ta det opp på kretsmøte i slutten av måneden.

Hordaland krins av Norges speiderforbund

Besøksadresse: Speidersenteret i Bergen, Tverrgaten 2 | Postadresse: Postboks 723, Sentrum, 5807 Bergen
Telefon: 55 31 74 58 | E-post: speidersenteret@hordalandsspeiderne.no | WEB: www.hordalandsspeiderne.no

Org. nr . 971 516 097 | Åpningstider: man - tirs 9-15, tors 16 - 20 | Bank: 9521 05 44993

Member of the World Organization of the Scout Movement (WOSM) and the World Association of Girl Guides and Girl Scouts (WAGGGS).



ALLTID BEREDT



Ettårig Lederkurs:

Reiser på Lederløft 27-29 august. Jens og Louise sjekker at alle har fått meldt seg på, og purrer på dei som ikkje har gjort det.

Irmelin, nyansatt kretssekretær i KFUK/KFUM, har sendt mail og spurt oss om vår plan for ledertrening. Louise informerer Irmelin om at dette veit dei alt grunna vårt felles kretsmøte tidlegare.

Sjå om vi kan finne profileringsartiklar til kurset. Spør Helge Nelson om han kan vere interessert i å lage noko.

Momskompensasjon:

Er det slik at vi ikkje treng revisor attestasjon på denne? Jens ringer og undersøker.

Kvamsøy:

1. Øystese har fått ein avtale med kommunen som gjev oss betre rettigheter. Vi må sette opp eit budsjett over kva ting koster og kva som må gjerast. Vi ønsker å planere forran huset og å gjevne ut kaia slik at det vert enklare å komme seg opp til huset. Det må også borast etter vatn. Ragnar kom med forslag om å kjøpe/leie ein fraktbåt meir permanent slik at det vert enklare å frakte utstyr og folk ut til øya. Kjell skal ringe rundt og undersøke prisar på arbeidet vi ønsker utført.

Kretsen vil gjerne opprette ein rovergruppe ala Skogvokterne som kan ta ansvar for ein del vedlikehold og anna dugnadsarbeid på Kvamsøy.

Planlegging av Friluftsløypen 2011 må også komme i gang, og det er naturleg at denne vert lagt til Kvamsøy om det planlagde arbeidet har vert utført. Det vart også stilt spørsmål ved korleis ein kan markedsføre Friluftsløypen slik at flest mulig blir informert om denne.

Trim Toppen

Møte vart utsett til 26.08. Viktig å få fram at dette ikkje berre er trimming, men også turopplevsar for alle grupper.

Nye grupper/oppfølging av gamle

Det er for tida mange nystarta grupper i kresten. Dette er veldig gledelig. Louise og Jens følger opp de nye gruppene og hører om dei treng hjelp til noko.

1. Lindås: Louise skal høre korleis det går og om dei treng hjelp.

Søreide: Høre med FAU og finne ut kva som skjer.

Austevoll: Må også følges opp, kontoret følger opp.

I løpet av sommeren er det blitt startet ei ny MSK gruppe på Askøy, kontoret følger opp.

Vi har fått ein henvendelse vedr speidergruppe i Lonevågen på Osterøy. Dette vil også bli fulgt opp av kontoret.

16. Bergen får besøk frå kresten. Og Bergen 1 FA blir hjulpet i kontakt med FAU på barneskolane som ligg i sentrum. 23. Bergen og 1. Laksevåg blir ringt med spørsmål om det er noko dei treng hjelp til.

Kjell snakkar med gruppene i Hardanger/Voss og prøver å ordne eit inspirasjonsmøte.

Budsjett:

Jens skaffer oversikt over forholdet mellom rekneskap og budsjettet.

Heimesida:

Her skal vi fortsette det gode arbeidet og oppdatere sida ofte.

Brakkene i Blomsterdalen:

Desse må fjernes, gis vekk eller på anna måte forsvinne frå tomta då det der skal bygges kyrkje. Spørje Bergen Kirkelige Fellesråd om dei kan bruke brakkene under byggeprosessen og ta dei vekk etterpå.

Speider/Roverforum

Jens ringer og sjekker pris på Bergen byspill for deltakerne.